

Kjersti Isdal
Isdal 85
5916 Isdalstø

Lindås kommune
Landbruksavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

03.02.2017

Søknad om midlar til statusvurdering av ledige landbruksbygg

Viser til ordninga der Fylkesmannen har midlar til statusvurdering av ledige landbruksbygg. Ordninga gjev huseigarar høve til å leige inn fagleg hjelpe for tilstandsvurdering av det ledige landbruksbygget eller evt. til hjelpe for utvikling av forretningsidé for landbruksbygget. Framgangsmåten er å søkje til kommunen, som gjev ei anbefaling til fylkesmannen.

Søkjar; namn, gnr. og bnr:

Kjersti Isdal, Gnr 185/7

Adresse, telefon:

Isdal 85, 5916 Isdalstø
Tlf: 97129193

Kontonr:

6529.05.16336

Opplysningar om bygget; storleik, alder, historie, materialbruk, m.m:

Bygget er ei stor grindbygd løe i frå 1800-talet. Storleiken er på ca 200 m² (ca 20x10m). Det er ein lafta fjøs i eine enden av bygget. Løa har vore i kontinuerlig bruk og i forholdsvis god stand. Den vart mitbehandla i 2015. Løa ber spor etter ombyggingar og gjenbruk av materiale.

Eigedomstilhøve:

Eigar: Kjersti Isdal

Planar for bruk:

Det er ønskje om å bygga om ein del av løa til atelier og galleri for å skape ny næring på garden. Med dette tenkjer ein å bygge inn eit isolert rom, og opne for vindu i den eine gavlveggen og kanskje og i taket. For å sikre at ein tek naudsynleg omsyn bygningsarv og kulturhistorie under restaurering og ombygging treng vi hjelpe av bygningsrådgjevar. For å sikre at ombygginga heldt høg estetisk kvalitet ønskjer vi og å søkje råd hjå arkitekt.

Stønadsomfang:

Vi søker om tilskot til å dekke 75% av to dagsverk (eit dagsverk avgrensa til kr 7 500): Kr 11 250.

Mvh

Kjersti Isdal